




Ove Stokka er vide kjend som handverkar med sine kreative løysingar.

Ove Stokka har dei siste vekene vore på Rabben hos Ellen Schwenke og Reidar Myklebust og laga rullestolsinngang og terrasse. Den kreative handverkaren finn fram til praktiske løysingar og artige utformingar mens arbeidet går på fram. No er arbeidet slutført og eit gjennomgåande tema på Rabben er kjærleik med utskjeringar av hjarte.

Reidar Myklebust er rullestolsbrukar etter han fekk hjerneblødning. Han treng tilrettelagd tilkomst til huset med plass for å sitja ute på terrasser med litt skjerming. Inngangen og altanen er laga i naturmateriale, kjøpt inn lokalt. Noko er henta og kjøpt på Uskedal Trelastlager. Køyrrampen har ein stigning med 1 på 12. Det utgjør 8 % stigning.

Ellen og Reidar har brukt Ove Stokka før, nytt kjøkken i gamlehuset og på alt arbeidet med det nye huset på løetomta. Det same gjeld arbeidet i 2004/2005 med det vesle forsamlingslokale i kjellaren. Stokka skjer til og tilpassar alle vegger og rekkverk på plassen. Utforminga er i same stilen som sjølve huset. Dessutan er det i stil med leveggen mot SPAR, som også Ove Stokka laga i si tid.



Hjarta og kjærleik er eit gjennomgåande motiv i alle utskjeringane.

Ove Stokka kjem frå Marvik i Suldal kommune, ei lita bygd mellom Sand og Jelsa. Han kom til Valen og var dreng på sjukehusgarden i 10 år, før han saman med Iver Blokkum dreiv tømmerhogst og sag. Det neste var arbeid på Trelasten på Sandvoll. Slik vart det til at han starta som snikkar med eige firma frå 2002.



Eit hjørne på terrassen er utforma som ei nisje med hyller.

Stokka tek fram to flotte bøker med utklypp frå mykje av det han har laga. Det meste går i rundtømmer. Det er grindabygg, grillhus, naust, naustdører, eldhus, lavvoar, badestamphus og ei mengde innredningar med møbler og kreative interiør.

I Uskedalen har Ove Stokka mellom anna bygd eldhus på Eik, naustdør i Beinavikjo, plakattavle i sentrum, levegg og ikkje minst innredning av Dønhaugkjedlaren. Eldhuset på Lundagarden på Husnes var eit stort prosjekt. I lengre periodar har Ove Stokka vore i Austevoll og laga og stått for innredningar i naust og i større forsamlingslokale.

Haugland Maskin har arbeidet med planering og veggen fram til inngangane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sjølve rullestolsrampen er funksjonell og fint tilpassa resten av installasjonen.